

Lagleiar

Ein lagleiar skal syte for at det praktiske rundt eit lag fungerer, og er laget sin kontaktperson.

Hovudoppgåver:

- Lagleiareren har ansvaret for god kontakt mellom lagleiing, trenarar, foreldre og spelarar. At foreldre og spelarar får informasjon om treningar, kampar, dugnader og anna naudsynt informasjon frå klubben.
- Praktisk organisering av kampar, deltaking på turneringar, foreldremøte og sosiale arrangement.
- Registrering i FIKS.
- Bidra til Fair Play.

På nettsida til Syril finn du all fotballinformasjon frå Syril inkl. kontaktinfo

<https://syril.no/ball/fotball/>

[Klubbhandboka](#) til fotballgruppa ligg på nettsida og inneheld m.a. informasjon om ulike rutinar, Fair Play med meir.

Kretsen si handbok for lagleiarar med retningslinjer og praktisk informasjon for sesongen finn du her: <https://www.fotball.no/kretser/sogn-og-fjordane/aktivitet/handboka/>

Det er utarbeida lagleiarmanual som skal sendast ut til alle lagleiarar før sesongstart.

Lagleiarmanual

Februar

- Delta på kretsen sine lagleiar møte
- Alle lagleiarar og trenarar for aldersbestemte lag må ha Politiattest. Dersom dette ikkje er gjort tidlegare skal Politiattest visast fram for leiar i Syril eller leiar i fotballgruppa. Rutinar/skjema finn [heimesida til Syril](#).

Februar/Mars

- Delta på klubbens trenar- og lagleiar møter
- Levere spelarliste til styret, med tlf.nr, epostadresse og føresette
- Lage til den kanalen ein vil kommunisere med spelarar/foreldre på t.d. Spond (her kan ein importere alle kampene frå fotball.no). Her må alle spelarar og foreldre leggjast inn. Hugs spelarar som skal hospitere
- Leggjje alle spelarane inn i Fiks: <https://fiks.fotball.no/FiksWeb/Login>
- Organisere eventuelle treningskampar etter ynskje frå trenarar

- Arrangere foreldre-/spelarmøte
 - Info om sesongen og serien
 - Dugnad
 - Cupar/turneringar
 - Fair Play - sjå til at alle er kjend med Fair play verdiane og foreldrevettreglane
 - Informere om kampvertrolla på foreldremøte
- Terminlista kjem på e-post frå kretsen (Er det differensiert serie kjem berre vårsesongen)
 - Legg terminlista ut på den kanalen ein vil bruke, for å sjekke om det evt. er kampar ein må omberamme. Laget som ynskjer kampen omberamma gjer dette og melder inn til kretsen.
 - Kampar på Syril stadion: Her vil det nok vere enkelte kampar der klokkeslett er endra i forhold til terminlista frå kretsen (Sjå <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>). Dette bør meldast inn til kretsen så blir det rett i terminlista
 - Om det kampar ein skal endre dato på må dette avklarast med dommaransvarleg.
 - Her er det og satt opp kven som er dommar/dommartrio på kampane
- Oversikt over kva lag som har kiosk
- Når alle kampane har fått rett dato set du opp dugnadsliste for
 - kiosk/kampvert. Hugs å sende ut (link til) kioskinstruks og kampvertoppgåver til dugnadsgjengen.
 - køyring av buss/privatbilar til bortekampane.
- Sjekke om nokon av foreldre eller trenar/-ane kan køyre Syrilbussen
- Send ein e-post til Syrilbuss-ansvarleg
 - Harry6863@gmail.com tlf.: 905 98 095 når du ynskjer bussen.
 - Du vil få ein tilbakemelding frå han om du får bussen eller ikkje. Det er det laget som har lengst reise evt. ferje som får bussen. Reglar for bruk av bussen: <https://syril.no/idrettslaget/buss/>
 - Får ein ikkje bussen er det satt opp takstar på køyring som ein finn her <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>
- Alle lag har eige utstyrsskåp på bana. Her finn du ballar, kjepler, vestar, medisinskrin, drakter. Ta kontakt med materialforvaltar Elin Falkgjerdet elinfalkgjerdet@outlook.com tlf:917 55 553 om du treng påfyll i medisinskrinet eller om det er noko som manglar i skåpet
- Legg inn i t.d. Spond at alle må betale medlemskap i Syril og treningsavgift. Du vil få ein e-post frå kasserar for fotball, der du ser kven som har betalt og ikkje. Purrar på dei som ikkje har betalt
 - Treningsavgift <https://syril.no/ball/fotball/trening/>
 - Medlemskap: <https://syril.no/idrettslaget/bli-medlem/>

Mars/April

Sesongstart

- I lag med trenar gå gjennom reglar for Fair Play med spelarane
- Sørge for at Fair Play haldningskontraktar vert signerte og oppbevart gjeldande sesong
- Sjekk fargen på drakter til motstandarlaget.
 - Syril har eit sett svarte drakter ein kan bruke på bortekampar. Lag frå SMJ/SMG og oppover brukar desse. Dei yngre laga brukar vestar
- Legg kampane inn i t.d. Spond
- Før kvar heime/-bortekamp må ein avtale med trenarane kven som skal spele dei forskjellige kampane. Dette kjem an på tal spelarar ein har i stallen.
- Last ned appen MinFotball – her skal du registrere kven som scorar mål og resultat (dette gjeld frå 13 og oppover)
- Draktene skal vaskast etter kvar kamp
- Sjekk kamplista på Syril stadion jamleg i løpet av sesongen då det kan bli endringar <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>

Før heimekampar

- Sender ut melding nokre dagar før kamp på kanalen ein brukar om oppmøtetid, kven som har kiosken og er kampvert.
 - Kioskinstruks og kampvert instruks ligg her: <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>
- Sende SMS til bortelag sin lagleiar 2-3 dagar før kamp. Desse finn du i Fiks.no Ynskjer velkommen til kamp på Syril stadion med dato og klokkeslett. Viktig å sjekke klokkeslett opp mot kamplista til Syril. <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>
- SMS til dommar/dommarane 2-3 dagar før. Om ikkje dommaren møter på gi beskjed til [dommaransvarleg](#) i Syril.
- Oversikt over dommarar <https://syril.no/ball/fotball/kamp/>

Heimekamp

- Møte opp i god tid før kamp
- Sjekke garderobane. Bortelaget skal ha garderobe
- Garderobane skal ryddast etter kampen.
- Klargjer bana, finne fram kampball, linjeflagg osv.
- Skal vere ein kampvert for kvar kamp med kampvertvest
- Ta imot motstandarlaget og dommar/dommartrio
- Syril betalar dei lokale dommarane så då treng ein ikkje gjere noko. Har ein dommarar frå andre klubbar som skal ha betaling, sender ein dommarrekninga til kasserar i fotballgruppa

- Registrere resultat i appen MinFotball eller FIKS.no frå 13år og oppover. (Klubben får bot om dette vert gløymt)
- Vere klar over at hjartestartar er tilgjengeleg i ballrommet (materialansvarleg sørger for service av denne)

Bortekamp

- Legg kampen inn i t.d. Spond nokre dagar før, gjerne alle kampane når terminlista er klar

2022: Kontaktinfo

Kontaktpersonar		Tlf.	e-post
Kioskansvarleg	Anja Hamre	908 42 397	anjhamre@gmail.com
Dommarkontakt	Christian Kleiven	480 27 625	chris-kl@online.no
Fair Play ansvarleg	Erlend Husabø	980 36 644	erlend.husabo@digdir.no
Lån av buss	Harry Christensen	905 98 095	harry6863@gmail.com
Materialforvaltar	Elin Falkgjerdet	917 55 553	elinfalkgjerdet@outlook.com